

Varhaug Misjonshus

HVEM ER JESUS FOR MEG?



Innhold:

- Andakt Side 5
- Min song Side 9
- VAKRU Side 10-11
- Varhaug NMS Kv. Side 12-13

- Kapellmeisteren Side 16-17
- BACK TO BASIC Side 20-21
- Vekkelsen 57/58 del 1 Side 22-27
- Mi bok Side 28-29



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Framsida: VAKRU - Kick-off 4. september. Styret blei introdusert på scenen med ein dans i kjeledress!



Alt i oppmerking av
parkeringsplasser


Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon: 51430937
Fax: 51433364
Mobil: 90889556



Bilopphugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGERSUND
TLF: 51 49 49 50
FAKS: 51 49 49 60
rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!





FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misionshus)

Meldingsblad for Varhaug Misionshus

1-2022
34. ÅRGANG

Eigarar

Varhaug Misionshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovedorganisasjon:

Norsk Lutherisk Misionssamband

Formann:
Harald Dyrøy
Mob. 958 23 365

Det Norske Misjonsselskap

Leiar:
Sigrun Bakke
Mob: 957 04 371

Normisjon

Leiar:
Øystein Varhaug
Mob: 970 90 811

Indremisjonsforbundet

Formann:
Toralf Liene
Mob: 951 69 466

<http://www.varhaug-misionshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.
Mob: 476 01 167
E-mail adresse:
post@varhaug-misionshus.no

Postadresse:
Pb 103
4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag
kl 2000-2100

Kontonr. 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:
E-mail:
redaksjonen@varhaug-misionshus.no
Tlf. 900 58 503

I redaksjonen: Karin Lerbrekk, Eirik J.
Varhaug, Sjur Håland, Njål Omland og
Per Åge Skretting



Frå redaksjonen

Søndag 10. oktober Når dette bladet går i trykken, er alle korona-restriksjonane oppheva. Me gleder oss over at aktiviteten på Misionshuset er i gang igjen.

25. og 26. mars arrangerte Ungdomslaget den årlege Back to Basic. Då var Misionshuset mest fullsett laurdagskvelden då meir enn 200 ungdommar var samla. Då fekk dei utfordring: Kven er Jesus for deg? Sjå framsidebiletet. Ungdomslaget har minst to arrangement var helg. Dette har imponert Sjur Håland som har møtt ungdommane.

Andakten denne gongen er skiven av Ingve Fauskanger og Milrid Aarsland har levert sin Song. Mi bok er levert av Øyvind Hobberstad. Veteranen denne gongen er Einar Lerbrekk. I 1964 var han 13 år og trekkspelet gjekk mest til knea på han.

Årsmøta i vår kunne me arrangera på mest på heilt vanleg måte. Det er nye styrer i misjonsorganisasjonen og i Sentrum menighet.

Byggjeplanane med nytt mingle område og lager går sin gang og byggjekomiteen ser føre seg at alt skal vera klart innan årsskiftet. «Dersom Herren ikkje bygger huset, arbeider bygningsmennene til fanychtes.» (Sal 127,1) Varhaug Misionshus er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit middel til å nå målet. Målet er at menneske skal få møte Gud og tilbe og fylgje han og bli frelst.» Dette seier Torbjørn Honnemyr i helsinga frå Styret for Huset.

Sentrum menighet åpner for konfirmantundervisning og nokre damer ynskjer velkommen til dametrim.

I 2004 gjekk sokneprest Gaute Øgreid Rasmussen på eit videreutdanningskurs der han skreiv ei oppgåve om «Kristenlivet i Varhaug sogn på 1950-tallet og vekkelsen i Varhaug kyrkje vinteren 1957-58». Oppgåva er tilrettelagt for Misionshusbladet etter avtale med han og vil kunne lesast i dette og neste nummer av Misionshusbladet. Det er sagt at denne vekkelsen var den største i Varhaug sokn på 1900-tallet. Det var kontinuerlege møter i kyrkja i minst 4 måneder.

Per Åge Skretting

redaktør



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



Opstadveien 643
Postboks 54 – 4368
VARHAUG
Tlf.: 51798700
post@jerentrepenor.no
Org. nr.: 934279980
www.jerentrepenor.no

Regnskapsfirmaet på Jæren
Besøksadresse: Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug. (2 etg på
Stuelandsbygget) Kontor på Bryne - Sandnes - Varhaug



www.jarok.no

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66



- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver

JÆRBU
GJØDSELPUMPE

Ole G
Nord-Varhaug & Co a-s

Hatleveien 4, 4360 Varhaug
Telefon 51 79 35 50 www.jerbu.no


**Leverandør av trelast
og bygningsartikler**



Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærø
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



Hjartesak

Dette året har eg tenkt å lesa gjennom heile bibelen. Det er har eg prøvd på nokre gonger før og, utan og lykkast, men kanskje går det dette året. Me får sjå. Eg har begynt i det gamle testamenet og har no kome eit godt stykke på veg. Eg har lese om Josef som blei solgt som slave til Egypt, Moses som blei plukka opp av Nilen, utgangen frå Egypt gjennom Rødehavet. Mange spennande historier på rekke og rad.

Så kom eg til det punktet i historia der Gud gav Moses forskrifter opp og ned i mente om korleis mykje og mangt skulle vera. Alt frå korleis tellduken til Tabernaklet skulle vera til korleis ein skulle gå fram viss nokon fekk utslett på huda. Apropos utslett på huda, karantene og isolasjon er ikkje ei nyoppfinning har eg funne ut.

Midt imellom mykje kjedelig oppramsing, oppdaga eg ein liten detalj som eg stoppa med. Då eg las om korleis prestekleda til ypperstepresten Aron skulle vera, beit eg meg merke i noko. Oppå den fine prestekjolen hans skulle det vere ein brystduk med tolv innsydde steinar. Desse steinane skulle symbolisere dei tolv stammene i Israel, og kvart ættenavn skulle vera inngravert på kvar sin stein. Og det var ikkje tilfeldig kva steinar som skulle brukast. Det vert spesifisert den eine kostbare edelsteinen etter den andre, som smaragd, safir og diamant bl.a.

Her tenkjer eg at Gud sitt menneskesyn kjem fram: sjølv om Israelsfolket stadig vendte Gud ryggen og korkje stolte på- eller gjorde slik Gud sa, så var det ikkje 12 gråsteinar Gud ville skulle representere Israels stammar. Nei, det var kostbare, flotte og umistelige edelsteinar, eit symbol på korleis Gud såg på Israelsfolket, ja korleis han ser på alle menneske.



Ingve

Videre står det at Aron skulle bera denne brystduken på hjarta sitt når han gjekk fram for Gud ved alteret. «Slik skal han alltid minna om dei for Herrens åsyn» 2. Mos: 28,29. Han skulle ikkje ha den på hovudet slik at han skulle tenkja på dei når han stod ved alteret, nei meir en det! Han skulle bera dei på hjarta! Det skulle vera sjølve hjartesaken då han stod framfor Gud. Bore fram med kjærleik.

No hadde yppersteprest-ordninga si tilmålde tid. Det nye testamentet forklarer at det berre var eit førebilete og ein skugge av det som skulle koma, det eigentlege. For no er Jesus vår yppersteprest som står for Gud i himmelen og taler vår sak og ber for oss. Det er hans hjartesak, me ligg han på hjarte. Sidan Aron var eit vanleg menneske som oss, spørst det om han ikkje kjente på litt forskjellige følelser over sine landsmenn som stadig vendte Gud ryggen. Slik er det ikkje med Jesus, det viste han oss dei tre åra han aktivt hadde si gjerning her på jorda. Hans kjærleik til oss førte han til korset for å motta Guds dom over all synd. Med den samme kjærleiken står han framfor Gud i dag og taler din sak!

Heb 7:26-27 «26Ja, ein slik øvsteprest var det vi trøng: heilag, utan vondskap, rein, skild frå syndarar og opphøgd over himlane. 27 Han treng ikkje, som andre øvsteprestar, bera fram offer kvar dag, først for sine eigne synder og så for syndene til folket. For offeret bar han fram éin gong for alle då han ofra seg sjølv.»



Husstyret: Per Arvid Jakobsen, Glenn Skretting, Loyd Aanestad, Andreas Rasmussen, Terje Skretting Torbjørn Honnemyr, Tarald Ånestad og Georg Høien.

Helsing frå husstyret april 2022

Det er vår i lufta, i alle fall nesten.

Me er kjempeglade for at covid-begrensingane ikkje hindrar oss lenger frå å samlast. Derfor håper me at kvar og ein, både ung og gamal, vil finne vegen attende til misjonshuset og finne sin plass her.

Heisen har lyfta oss opp og ned i mange år, men for litt sidan tok han kvelden. Derfor er ny heis bestilt og snart installert. Med automatiske dører. Heisdøra i 1.etasje vil nå gå inn mot vestbylen istadenfor ut mot trapperomet. I tillegg vil det bli dør på nivå med kontor og styrerom i 2.etasje, slik at og dei som er avhengige av heis kan få tilgang til kontor, styrerom og bønerom. Det skulle bare mangle. Dessutan ser me det som viktig for å vere i tråd med krav til universell utforming i vår tid. Døra som er frå før ut mot ungdomsloft-nivået blir som ho er.

Det har akkurat vore årsmøte for misjonshuset. Ca 50 deltakarar er ikkje så verst, men me ville gjerne hatt betre oppslutning når me skulle ta ei stor avgjerd om bygging eller ikkje. Årsmøtet sa ja til bygging i tråd med framlagt forslag. Eit mingleområde i dagens lager, nytt lager bak toalett og kjøkken, mot Skulegata, og nye kontor/grupperom i 2. etasje. Og mulighet for rom i 3. etasje til øvingsrom, grupperom osb.

Byggekomiteen er i full sving med detaljplanlegging og anbodsinnhenting, og me tar sikte på oppstart av byggearbeidet rundt nyttår.

Prosjektet har ein førebels omtrentleg prislapp på mellom 5 og 6 millionar. Dette vil kreve både gjevarglede og dugnadsinnsats. Velkommen til å stille opp og tilby di hjelp eller å seie ja om du blir spurd.

«Dersom Herren ikkje byggjer huset, arbeider bygningsmennene til fånyttes.» (Sal 127,1) Varhaug Misjonshus er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit middel til å nå målet. Målet er at menneske skal få møte Gud og tilbe og fylgje han og bli frelst.

Torbjørn Honnemyr

Frå eigarorganisasjonane



Imf-styret:

Fv: Anne Brit Stokkeland, Borgny Ånestad Skretting, Tor Selmer Olsen, Svein Jakob Nesvåg og Toralf Liene.



NML-styret:

Frå venstre: Tormod Nord Varhaug, Kjetil Halvorsen, Ellen Hobberstad Olsen og Solfrid Harbo. I tillegg er Harald Dyrøy med i styret.



NOR misjon styret

NMS Varhaug 2022



2022 er frivillighetens år

Lørdag 27. August vil vi markere dette i hagen til Åse Marie og Håkon Varhaug, og dagen arrangeres sammen med NMS, NMSU, NMS Nærø og NMS Vigrestad. Dette arrangementet blir i stedet for Varhaugstevnet.

Sett av dagen, dette blir en spennende dag med et godt program for alle i alle aldre.

NMS Hå


I NMS Varhaug, Vigrestad og Nærø har vi startet et samarbeid der vi til nå har hatt 3 samarbeidsmøter. Visjonen til NMS er Menneskers møte med Guds kjærlighet skaper forandring i enkeltmennesker, menigheter og samfunn. Sammen kan vi forandre verden.



Vi står også sammen både i Sentrum Menighet på misjonshuset og Den Norske Kirke på Varhaug.

Styret i NMS for 2022:

Sigrun Bakke, Njål Omland, Guri Skrettingland, Reidar Varhaug



Mingleområde

Her kjem det en status fra byggekomite på bygging/ombygging. Som tittelen seier så er det tenkt å få laget ett mingleområde i gangen inn mot møtesal. Vi tar bort lageret og tekjøkken og åpner opp ut mot gangen slik at dette kan bli ett område for folk å stoppe opp i både før og etter arrangement for en god «drøs». Dette er en tanke som har blitt tenkt på i mange år å endelig ser det ut som at vi skal klare å gjennomføre det. I den forbindelse må vi erstatte lageret som vi tar, slik at vi har fått tegnet ett tilbygg i enden av kjøkkenet mot skulegata. Dette blir bygget ut i full høyde slik bygget er opprinnelig. Dermed får vi både ett godt lager, og med litt omrokninger i 2 etasje blir det både gode grupperom og lettere tilgjengelighet for alle å komme seg opp til halvplanet som kontoret og grupperommene blir liggende.

Vi tar sikte på at det blir oppstart av byggeaktiviteten i starten av 2023, så det er planlegging på høyt plan både for selve byggingen og finansieringen for å kunne fullføre dette. Håper at dette blir ett løft for alle som benytter seg av huset og ønsker å bidra.

Helsing oss i Byggekomite`n

Loyd Aanestad, Berit Skretting, Georg Høien, Andreas Rasmussen, Tor Jarle Ueland, Sigve Kydland og Borgny Ånestad Skretting



Min song



Då eg blei spurd om å koma med nokre tankar om ein song eg ville dela med dykk, visste eg med ein gong kva for ein det måtte vera. Ikkje fordi den er spesielt fin eller populær, men fordi den gjorde noko med meg som ungdom.

Eg vaks opp i ein kristen heim. Eg gjekk på sundagsskule og yngres, men når eg kom i tenåra fann eg ut at det var andre ting eg likte betre. For meg blei livet på bedehuset kjedeleg, eg ville heller vera med dei ungdommane som gjekk på dans. Eg hadde mykje gildt dei åra, gledde meg alltid til å vera på dansegolvet. Men barnetrua var alltid ein del av meg, klarte aldri heilt legga det til sides. Eg visste det var vanskeleg å reisa ut på dans kvar helg samtidig som eg ville vera ein kristen. Eg visste at før eller seinare måtte eg ta eit val. Det var ikke lett.

Det var ein fin sommardag, eg sat ute på altanen og sola meg heime på Ålgård. Eg var 19 år og nettopp ferdig med gymnaset, og eg gledde meg til å reisa på folkehøgskule til hausten. Eg hadde radioen med meg som vanleg, men denne dagen var det ikkje radio Luxemborg eg haurde på. Syster mi, som gjekk på bibelskule i Oslo, hadde klart og overtal meg til å høyra på ei gudsteneste på radioen. Musikklassen ho gjekk i skulle synga på møtet denne sundagen.

Songen som fekk meg til å stoppa opp denne sommardagen var: «*Han tek ikkje glansen av livet, den Frelsar som kallar på deg. Fyrst då kan for alvor du leva når han får deg fylgja på veg*». Kunne det stemma? Det var jo difor eg eg ikkje ville bli ein kristen fordi det kom til å ta glansen av livet mitt.

Eg tenkte på dette heile sommaren. Kva skulle eg gjera, kva skulle eg seja til vener og familie? Eg visste kva som var det rette, men korleis få det sagt utan for myke oppstyr?

Då kom eg på at når eg fyrst skulle starta på ein ny plass på folkehøgskule, der det ikkje var nokon eg kjende frå før, skulle eg berre setja fram nytestamentet på rommet mitt slik at dei andre såg kven eg var. Så kunne eg berre skriva brev til dei heime og seja at eg hadde blitt ein kristen, utan å ta det «face to face.» Kanskje det var litt feigt, men det blei min måte å gjera det på.

I ettertid har det ikkje blitt så mange dansefestar på meg, men eg nyttar alle høve eg får i ulike lag til å svinga meg. Dansegleda har ikkje blitt mindre med åra. No blir det helst på stovegolvet, før med ungane og no med barnebarna. I arbeidet mitt med flyktningar har har eg og fått praktisert dansekunsten. Anten det er festar med muslimar eller kristne, er musikk og dans eit sjølvsagt innslag der både vaksne og born deltek.

For meg tok ikkje valet mitt om å tru på Jesus glansen av livet. Det gjer meg heller ein ekstra trygghet i gode og vonde dagar. Eg kjenner eg kan vera den eg er, eg treng ikkje bli ein kopi av andre. Vi er skapt forskjellige og har og ulike interesser og gleder i livet.

Milrid Aarsland

I god gang etter pandemien

Sjur Håland

Med minst to arrangement kvar veke, året rundt, har styremedlemmane i Varhaug Kristelige Ungdomslag nok å henga fingrane i. Nå er laget stort sett oppe og går etter pandemien.

- Ikkje alt er plankekøyring alltid, men me kjem oftast i mål, smilar ein travel leiar for den travle gjengen, Ola Askeland Ueland.

I Varhaug Kristelige Ungdomslag, Vakru, rullar hjula nærest som normalt etter ein noko avgrensa aktivitetskalender under den to år lange koronapandemien.

90 medlemmar

- Det var ei spanande og utfordrande tid, kor det var krevjande å planleggja, summerer leiaren i laget som nå inn mot sommaren har kring 90 medlemmar frå tretten år og oppover mot dei tretti.

Ola illustrerer utfordringa med ski-weekenden nå i vinter som dei måtte planlegga med kohortar og avstandskrav.

- Det enda til slutt heldigvis med at alt opna opp rett før me reiste med 80 ungdommar til Tonstadli, seier han.

Stor aktivitet

Ola tok over stafettpinnen i fjor etter Sigve Kydland. Leiarvervet kan umogleg vera av det lettaste slaget. Varhaug Kristelige Ungdomslag har eit aktivitetsnivå som kan ta pusten frå nokon kvar.



Misjonssprojektkomiteen Fv: Marie Brådland, Henriette Nygård, Kristina Skrettingland, Matias Bøe og Mathias Vagle

Om me reknar to arrangement i veka gjennom året, kjem me fram til 104.

- Under koronafrie forhold brukar me å ha stengt ei helg i året. Det er den helga me er på Skjærgårds, seier han.

Summen av arrangement stoppar ikkje på drygt hundre. Annan kvar søndag er det Krik, Kristen Idrettskontakt på Varhaug ungdomsskule.

- I løpet av to timer handlar det om sosialt lag kombinert med ulike idrettsaktivitetar, pluss andakten då, fortel Ola.

I Vakru-styret er det ti personar. I tillegg er det eigne komitear for Misjonsprosjekta og Ope Hus.

Gildt og meiningsfylt

- *Ganske krevjande?*

- Ja, det er mykje å organisera og planlegga, men det er gildt og meiningsfylt. Folk tar ansvar. Me håper at Gud kan virka gjennom arbeidet.

Helga me snakkar med Ola, er det Back to Basic saman med laga i bygdene rundt. Dette arrangementet kan du lesa meir om ein annan stad i bladet. I tillegg til Ope Hus på fredagskveldane, er det faste arrangement kvar laurdagskveld med ulike tema, deriblant Rollebryllup og Bilrebus.

- Så skal me snart ha eit arrangement i lag med Unges Misjon på Vigrestad. Der er temaet; Grill ein kristen, der møtedeltakarane kan stilla spørsmål om det meste og litt til, det blir spanande, seier Ola.



Ope hus Fv: Petter Grødem, Helena Anda og Sondre Ånestad

For alle

Arrangementa er opne for alle ungdommar. Opningstida er frå klokka åtte til cirka midnatt. Du treng ikkje vera ein kristen for å koma på Ungdomslaget eller Ope Hus.

- Nei, alle er sjølvsgaqt velkomne på arrangementa våre. Men folk vil merka den kristne profilen. På laurdagane har me alltid ein møtedel. Ope Hus har ekstra fokus på å vera eit lågterskeltilbod for ungdommen der vi berre har ein liten andakt i 22-tida.

Dei har nyleg sett i gang fire bibelgrupper, målet er å starte to grupper til før sommaren.

- Dette er me ekstra glade for, bibelgruppene er svært viktige for dei som deltek, seier Ola.

Amerikansk auksjon

Også misjonsprosjekta i regi av Ungdomslaget har vore meir krevjande å drifta under pandemien. Nå er meinингa å køyra full rulle med innsamling og arrangement. Vakru har to faste prosjekt dei støtter; KPK-Ukraina og Tombotsoa Jordbrukskule i Antsirabe på Madagaskar.

- Planen i nær framtid er ein amerikansk auksjon saman med ei flaskeinnsamling etter konfirmasjonane. Me er, naturleg nok, særleg opptekne av Ukraina for tida, seier han.

Takksame for tenesta

Ungdomslaget er ikkje direkte knytt til nokre av eigarorganisasjonane på misjonshuset.

- Men me er ein del av alt arbeidet som føregår på Varhaug Misjonshus, og kjenner oss rikt velsigna som kan driva arbeidet og vera ein del av Varhaug Misjonshus, seier Ola.

Rett før sommaren blir det årsmøte. -Då skal nytt styre på plass. Ungdomslaget er bevisste på at dei har ei stor oppgåve og er ein del av Guds rikes arbeid på Varhaug.

- Om Gud kan bruka oss til å så frø og leia unge til tru på Jesus, er me svært takksame, seier Ola Askeland Ueland.



Varhaug • Tlf. 488 48 700



JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG -
OLJESERVICE

TLF.: 917 00 827 - VARHAUG



Bak frå venstre: Ingunn Marie Lima , Ingunn Auestad, Anne Voll Håland, Torunn Rogn Lerbrekk, Bente A Varhaug

Framme frå venstre: Brit Bårdsen, Astrid Skretting, Liv Synnøve Vagle og Guri Skrettingland. Ingrid Sofie Omland manglar.

Varhaug NMS kvinneforening

Denne foreininga vart starta i 1980, nærmere bestemt 16.september, då ein flokk yngre kvinner samlast til første møtet. Dei kalla seg då Varhaug Yngre NMS kvinneforeining.

Karin Lerbrekk

Åra har gått, og etter kvart tykte medlemmane at det passa å kutta ut Yngre . Slik fekk dei det nåverande namnet sitt. Opp gjennom åra har deltakarantalet i foreininga variert, nokre har falle ifrå, medan nye har kome til. For ein del år sidan delte foreininga seg i to fordi dei var så mange. Dei som budde aust for jernbanelinja, gjekk i ei, og dei vest for linja, utgjorde den andre.

Nå går det damer både aust og vest i denne foreininga. Om alle møter, er dei ti stk. Dei samlast rundt i heimane annankvar måndag kl. 19:30, i oddetalsveker. Det er ein særslig imøtekommende flokk som stiller til fotografering i begynnelsen av eit foreiningsmøte. Smilande, fint pynta damer i sin beste alder - det verker som dei er trygge på kvarandre, og trivst ilag, noko dei seier seg samde i. Den som hadde foreininga hos seg sjølv sist gong, leiar møtet neste gong. Etter eit opningsord, har dei ei bønestund. Stundom har

dei frie vitnesbyrd. Elles har dei gjerne ei bok, eller eit studiehefte dei samtalar om, og deler tankar og meininger med kvarandre. Slik har dei eit godt fellesskap, og kan støtta einannan når dagane er gode såvel som når livet buttar imot. Det kan vera praktiske gjeremål som må drøftast og planleggjast, men når klokka bikkar 21, er det tid for kaffikos, gjerne med noko påsmurt eller kakemat attåt. Det sosiale er og viktig i ei misjonsforeining.

Det same gjeld pengar. Misjonen treng middel for å驱va. Før sende dei misjonsbøssa seg imellom og putta på pengar. Nå er dei moderne og brukar vipp! Det gjer same nytten. Siste samling før sommarferien, som er lik skuleferien, plar dei gjera litt ekstra utav det og ta ut på tur. Utpå hausten lagar dei til basar på misjonshuset, ein skikkeleg

familiebasar med god mat. Attåt andakt, har ofte Minikoret stilt opp med song. Då er det ungar i alle aldrar, og tilsvarande liv og lyd. Basaren gir ei god innkome til misjonen.

Siste store løft før jul, er NMS si julemesse på misjonshuset. Her deltek foreiningane med mykje praktisk: Mat, varer, gevinstar og salg, for å nemna noko. Siste foreininga for året, har dei juleavslutning med litt ekstra. Dei siste to åra har bydt på ekstra utfordringar også for denne foreininga. Korona sette tidvis ein stoppar både for å vera ilag i heimane og på Misjonshuset. Men damene har vore oppfinnsame, og har hatt samlinger ute, både i Haugstad- og Grødalandskogen. Nå gler dei seg over å kunna møtast heime som før, og ønskjer fleire med på laget om det kunne passa !

Frå møtesalen









Kapellmeisteren

Kapellmeister Einar Lerbrekk har fri utsikt oppover og ser seg ikkje tilbake.

Sjur Håland

Det er to hus på eigedommen til Karin og Einar Lerbrekk. Husa ligg på vestsida av Dysjalandsvegen, ein fredeleg stad mellom Tvihaugsåa og Rongabekken, i strekket mellom Fitjekrossen og Dysjaland. Karin og Einar bur i det nyaste huset. Her er alt på eitt plan.

Eigedommen heiter i følgje Norges Bebyggelse; Utsyn. Men du må opp i andre etasje i det andre huset for å sjå sjøen. Sikten frå eigen bustad skortar det likevel ikkje på, i følgje Einar.

- Me har ein fantastisk utsikt. Oppover, seier han, smilar lurt og lunt, og peikar mot stjernehimmelen.

Ein av mange

Nemnar du namnet Einar Lerbrekk til bygdefolk, vil garanert mange få opp eit mentalt bilet som synar Einar sitjande på pianokrakken med fingrane på tangentane eller med trekkspellet på magen. Einar er ikkje med på at det er han som skal ha tittelen kapellmeistar på Varhaug Misjonshus. Han peikar på dei mange som har traktert flygelet på Misjen opp gjennom åra. Som Jens Ånestad, Jenny Skår, Brynhild Halvorsen, Brit Obrestad og Njål Omland, for å nemna nokre.

2,73 kroner timen

Som med alle andre veteranar, kunne det vore skrive bøker om Einar Lerbrekk. Då kunne det passa å teke med at yrkeslivet starta snautt to månadar etter at The Beatles gav ut Sgt. Peppers's Lonely Hearts Club Band. Den 31. juli 1967 byrja Einar i lære hjå Erlands Maskin på Bryne med landbruksrelatert mekanisk produksjon. Med ei timeløn på 2,73 kroner timen.

- Eg hadde motorsykkelen, ein Tempo Sport 125, på den tida. Det kosta ti kroner å fylla tanken, mest fire timars arbeid for drygt 12 liter bensin.

Etter sju år på Bryne reiste han heim og byrja med maskinering i verkstaden på garden. Seinare, i 1987, vart arbeidsplassen «oljå» på Nord-Jæren.

1951-modellen har ei lang yrkeskarriere som mellom anna har inkludert brønnkomplettering for eit olsjeselskap i Tananger. Han har framleis litt arbeid gjennom eit olje- og gasselskap som er engasjert i Afrika, men seier at han er nøyne med å passa på at det ikkje blir for mykje. Han og Karin har nok å bruka fritida og pensjonisttilværet på. Som fem barn og elleve barnebarn.

- Spør du om alder på barnebarna, skal du få det, men då treng eg litt hjelp, smilar han.

Turar med bobil og motorsykkelturar i USA er blant det som nå lokkar på fritida.

- Ser du på deg sjølv som ein eventyrar?
- Nja, eg likar å reisa og treffa nye folk. Så spelar eg golf, då blir det gjerne nokre golfreiser innimellom.

Lang ungdomstid

Misjonshuset har vore basen for Einar opp gjennom åra heilt sidan foreldra, Gudrun og Eldor, byrja å ta han med på møte. Fram til 1960 på Forsamlingshuset, seinare på Misjonshuset.

– Så var det jo søndagsskulen på Lerbrekki i tillegg, med Tobias Varhaug, Ivar Nord-Varhaug og Konrad Berland ved kateteret, fortel Einar.

Om det ikkje blir heilt rett å kalla Einar for evig ung, må han vera blant dei på Varhaug som har vore ung lengst. Det handlar om legendariske Varhaug Musikklag, seinare Varhaug Ungdomskor. Koret starte etter initiativ frå Jens Ånestad i 1963. Gjennom Musikklaget starta også Einar den musikalske reisa i misjons- og bedehusland på Jæren. Då var han 12 år ung. Han var med i Musikklaget til like ut på 1990-talet. I 30 år.

- Eg starta tidleg og haldt på lenge, konstaterer Einar.

Årsaka til rekorddebuten var at han spelte mandolin og dermed var attraktiv for koret, trass den unge alderen. Seks år seinare trekte Jens seg til sides og gav leiar- og dirigentvervet over til 18-åringen, Einar. Aktiviteten var svært stor.

- I tillegg til øving kvar veke, hadde me nok eit oppdrag i veka i tillegg. Året rundt, seier Einar.

Audition

I starten var det Ludvig Skretting (bror til Erik T.) som spelte trekkspelet i musikklaget. Far til Einar kjøpte eit brukte trekkspelet til poden som då var 14 år. Einar byrja å fikla med bassar og tangentar, og før han visste ordet av det, enda han opp på ein slags audition på Misjonshuset med Einar Reime og Ludvig som «dommarar». Einar spelte einaste sangen han kunne, Vi bor ei her, i A-dur. Responsen frå dei to var unison. «Det er i orden», sa dei.

Øvinga gjekk føre seg på tysdagskveldane i stovene heime hjå kormedlemmane. På det meste var talet på deltakarar over 40. Trafikken og tilgang på motoriserte farkostar var avgrensa tidleg på 1960-talet.

- Eg hugsar eg hadde trekkspelet i ein kasse på

bagasjebrettet og sykla til Varmekrå på øving. Me visste ikkje av anna, og hadde ikkje vondt av det.

Koret hadde oppdrag rundt om i kristne forsamlingar i områda mellom Egersund i sør, Bjerkreim i aust og Stavanger i nord. Minst. Ei stund på 1980-talet hadde Musikklaget eigen buss og eigen basar, og omsetnaden i laget bikka 300.000 kroner. Øvingshelgene var høgdepunkt.

– Eg har vore heldig og har blitt kjent med mykje folk rundt om på bedehusa. I tillegg vart eg kjent med ganske så mange hus på Varhaug frå innsida, smilar han.

Sko hatt et spel

Einar hugsar mykje like frå då tomta på Misjen vart groven ut i 1959/60. Han er både diplomatisk og diskret, og vil slett ikkje fortelja alt. Men han smilar breitt då han fortel om eit teltmøte ein gong på 1960-talet. Arrangørane på Varhaug, var gjerne praktiske bønder og lite vane med å førebu og drifta store arrangement. Det gjekk gjerne på ein slump. Då teltet var ferdig reist på nordvestre hjørnet på misjonshustomta og det første møtet skulle starta, kom det spontant frå leiaren i teltmøtekomiteen: «Me sko jeddna hatt et spel».

- Så då måtte me ut på bygda å finna eit trø-orgel i full fart før møtet starta, fortel Einar.

Kor mange bordvers og Sangboken-songar Einar Lerbrekki har akkompagnert med trekkspel eller piano/flygel opp gjennom dei siste 60 åra, er det ingen som har tal på. Heller ikkje han sjølv.

- Song og musikk er gildt. Eg har vore med på å møta motstanden då bassgitaren, trommene og musikanlegga vart introdusert på Varhaug Misjonshus. Då var det éin strategi som fungerte; gjera tjukke øyre.

Strategien virka.

Ser framover

Einar har mykje å sjå tilbake på, men ser helst framover.

Ein gong i barneåra sykla han heimover frå Lerbrekki saman med kompisar. Konkurranseinstinktet slo inn, og han mobiliserte alle krefter for å trø frå dei andre. I full fart ned ein bakke snudde han seg og såg bakover for å sjekka kor langt bak dei andre var. Dermed hamna unge Einar i eit piggrådgjerde i veita og måtte fraktast i lastbil til legen for å lappast saman.

- Eg såg bakover, og då gjekk det galt. Me må sjå framover og ha utsikt oppover, seier kapellmeister Einar Lerbrekki.



Varhaug musikkensemble 1964-65

Framme: Marit Hobberstad, Ingrid Skrettingland, Gerd Marit Skretting og Helga Skrettingland.

Andre rekke: Åsta Ueland, Brit Solvor Ånestad, Gunnlaug Ånestad, Tove Alice Lerbrekk, Ågot Lima og Elise Varhaug.

Bak: Trond Hafver, Einar Lerbrekk, Svein Kåre Håland, Erik T. Skretting, Arne Lie, Gaute Skrettingland, og Jens Ånestad.

KULLSYREMASKIN FRA AGA



899,-
inkl. patron



Finnes i sort eller hvit

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll •
- Hjulstilling •
- Service •
- Tilhengerservice •
- Salg av dekk •
- Dekkhotell •



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33



Vi er der når du trenger oss

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf. 982 17 798

Hjemmeside: jts.as

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

• SERVICE • DELER • REPRASJONER

VIGRESTAD BYGG

Who the son sets free
Oh is free indeed
I'm a child of God, Yes I am
In my Father's house
There's a place for me
I'm a child of God, Yes I am



BACK TO BASIC

Kvart år i februar/mars arrangerer Varhaug Kristelege Ungdomsforrenning / VAKRU) noko som dei kallar Back to Basic. Då vert andre ungdomslag i kommunen inviterte. Denne gongen var Nærø med. Innhaldet kan variera, men som regel starter det med møte på fredag kveld, så fleire semiar laurdag midt p ådagen og så møte igjen på laurdag kveld.

Per Åge Skretting

For to år sidan var Kristoffer Eknes, leiar for Return to Sender (Israelsmisjonen sin ungdomsorganisasjon) invitert, men alt vart avlyst like før for då stengde Norge ned. I fjor var det på same vis, men i år var det opna opp Kristoffer Eknes utfordra både fredag- og laurdagskvelden alle med å visa biletet som er på framsida av bladet. Kven er Jesus for meg? Kva er det grunnleggjande i trua vår?

Han viste til Matt 16 der det står:

¹³ Då Jesus kom til bygdene ved Cæsarea Filippi, spurde han læresveinane sine: «Kven seier folk at *Menneskesonen* er?» ¹⁴ Dei svara: «Somme seier døyparen Johannes, andre Elia og etter andre Jeremia eller ein annan av profetane.» ¹⁵ «Og de», spurde han, «kven seier de at eg er?» ¹⁶ Då svara Simon Peter: «Du er Messias, den levande Guds Son.»



Seminar

1. Kan ein tru på Jesus utan å vera ein kristen? Han viste til personar som trudde på Jesus, men var ikkje kristne. Dei var jødar. Kva er forskjell på jødar og ikkje jødar? Teikn på at ein er jøde er slektskap og/eller omskjæring. Ikkje jødar er oss, såkalla heidningar. Jødar som trur på Jesus kaller seg Messiastruande.

2. Bridgebuilders, forsoningprogram mellom jødar og palestinrarar.

På laurdagskvelden var storsalen på Misjonshuset mest heilt full. Meir enn 200 ungdommar fekk

høyra Kristoffer si historie då han på motorsykkel som 19-åring havna inn under hjulbuen på ein stor bil, med knust hofta og kvesta i heile kroppen. Like før ulykka hadde han sagt at han ikkje ville ha noko med Jesus å gjera.

Ulykka forandra livet hans. Han låg 3 veker i koma.

Ungdommane høyrdde godt etter og fekk også denne kvelden spørsmålet. Kven er Jesus for deg?





Vekkelsen i Varhaug kyrkje vinteren 1957-58

Gaute Øgreid Rasmussen
(tilrettelagt for bladet av redaksjonen)

Det ble ikke ført noen oversikt over hvem eller hvor mange som «kom med» under vekkelsen, men etter vel to måneder, den åttende januar 1959, har Lars Lie notert i sine dagboknotater: «Møte i kyrkja. Deltok med sjelesorg. Dette var siste møtet med Larssen. Han kunne mælda at 133 personar hadde søkt hjelp på desse møta».

Andre nedtegnelser tyder på at det var over 200 personer som «kom med» i løpet av de fire månedene som møteaksjonen pågikk. Ein fortel, sitat frå 2004: «Det var fleire som tvila på at dette nya kristelege livet mitt ville vare ved særleg lenge. Men det har det gjort! I 45 år! Og eg er så takknemleg at eg kom til liv i Gud under den vekkinga.»

Fra midten av 1800-tallet grep misjonsinteressen om seg i Varhaug sokn.

Allerede i 1850 er det registrert en innbetaling til Det norske misjonsselskap (NMS) fra Varhaug misjonsforening. I 1854 hadde foreningen to utsendinger til NMS sin generalforsamling. Misjonsforeningene samlet seg i privathjemmene til medlemmene. Der var det også husmøter. Men da det var få hjem som hadde store nok stuer til at alle kunne være med på husmøtene, ble det bygd bedehus. Varhaug forsamlingshus ble bygd i 1902/1903.

Det har vært mange kristelige vekkelser både på Vigrestad og Varhaug opp gjennom 1900-tallet. På Varhaug var det vekkelse i 1907, 1915 og 1924.

I 1925 druknet to av bygdas menn i en ulykke på sjøen like utenfor Varhaug. Dette gjorde et sterkt inntrykk og det førte til at mange fikk behov for å tenke på åndelige og evige verdier. Nicolai Tunheim (bror til Hallvard Tunheim og far til Enevald Tunheim) hadde akkurat da møter på forsamlingshuset på Varhaug og det brøt ut vekkelse og mange vendte seg til Gud, og fikk sine liv forandret. Det var også vekkelser på Varhaug i 1932, 1938 1941 og 1944. Gjennom disse vekkelsene vokste kristenflokkene som samlet seg til oppbyggelsesmøter på bedehusene. Og vekkelsenes ledere var flinke til å kanalisere de «nyfrelste» inn i eksisterende foreninger eller de stiftet nye foreninger.

John Olav Larssen

John Olav Larssen var invitert til å ha en møteserie på Vigrestad forsamlingshus høsten 1957. På den tid var han ansatt i Indremisjonsselskapet. Han hadde stått i ledelsen for flere vekkelser rundt om i landet, særlig på Sørlandet. Han hadde hatt store møte kampanjer i Storsalen i Oslo og endatil på idrettsarenaen Jordal Amfi hvor han samlet 12.000 personer på en kveld. Han var på den tid blitt en «kristelig kjendis.» John Olav Larsen kom fra en fiskerfamilie på Helvik. Som ung hadde han arbeidet på Håland Møbelfabrikk på Vigrestad og bodde da på Vigrestad. Dermed kjente mange på Vigrestad ham godt. Han hadde vært aktivt med i det kristelige arbeidet på Vigrestad, og der hadde han også fått viktige impulser til sin senere predikantvirksomhet. Noen av lederne på bedehuset på Vigrestad var med på å forme den unge mannen. De var gode eksempler for ham. En informant forteller: «John Olav var ulik oss andre ungdommer. På fritiden gjorde han ikke annet enn å synge og lese i Bibelen»

Høsten 1957

Når han så i 1957 kom som taler på møtene på Vigrestad, så følte folk som det var en av deres egne som kom. Han kjente folket og nærmiljøet og det som rørte seg blant dem. Møtene begynte i månedsskiftet oktober/november. John Olav Larssen hadde med seg Sandefjordkvartetten til møteserien. Den ble svært populær. Mye folk strømmet til forsamlingshuset for å være med på møtene, høre predikanten og ikke minst høre og se Sandefjords-kvartetten.

Forsamlingshusets kapasitet (vel 200 personer) ble sprengt og flere var berørt av det kristne budskapet. En kvinnelig informant som da var midt i trettiårene forteller:

«Vi følte at et Åndens vær var over bygda vår. Forkynnelsens alvor sank i oss samtidig som den friske sangen til Sandefjordkvartetten løftet oss følelsesmessig og temte oss til lovsang.»

